



Vaksdal Næringssselskap AS

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo

Dalekvam 01.07.2016

Vaksdal Næringssselskap as
Postboks 103
5722 Dalekvam

Høyringsfråsegn: Bygg ut K5 Arna-Voss snarleg

Vaksdal Næringssselskap as (VNS) har til føremål å få til vekst innan næringslivet i Vaksdal kommune. Hovudaksjonær er Vaksdal kommune.

VNS stór dei høyringsfråsegnene som er komne frå Hordaland om å byggje ut Arna-Voss etter Jernbaneverket/Statens Vegvesen sitt konsept 5, spesielt frå Vossaløysinga og Vaksdal kommune.

Det er avgjerande å setja i gang snarleg byggestart for å få dei langvarige og gode løysingane som K5 for Arna-Voss representerer.

VNS og næringslivet i Vaksdal riggar seg til framtidig vekst. Det er tilgang på mykje ledig kompetanse grunna nedgangen i olje og gass, som kan omstillast til bygg og anlegg. VNS ser at det vil koma kring 10 000 årsverk med byggeperioden, og at dette vil skapa arbeidsplassar lokalt frå 1. dag.

Vaksdal, med industristadene Vaksdal og Dalekvam, har vore gjennom omstilling tidlegare i historia, frå primær- til industrinæringar. I år er Vaksdal Mølle 150 år, og det var her det starta for det som i dag er Norgesmøllene. Ved anlegging av Vossebanen kom også grunnlegginga av Dale Fabrikker i 1879, som på det meste hadde 1300 tilsette og som no har 50 igjen i Dale of Norway.

E16 og Bergensbanen Arna-Voss representerer dei viktigaste nasjonale veg- og banenett mellom dei to største byane og landsdelane i Noreg.

Vidar Skeie (s)

dagleg leiar